

Fra: Hardangerbrua (hardangerbrua@lofthus.no)

Sendt: 23.02.2016 20:19:03

Til: 'Bergen Kommune'; Eidfjord kommune; Granvin kommune; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Kvam kommune; Ullensvang herad; Ulvik kommune; Voss kommune

Kopi: 'bergsholm@hfk.no '

Emne: VS: Hardangerbrua AS - vedtektsendring tal på styremedlem

Vedlegg:

Hei

Viser til tekst i epost nedanfor. Sidan vedtektsendring krev 2/3 fleirtal, ønskjer vi at også dei øvrige eigarane uttalar seg. Derfor videresender vi denne epost.

Legg opp til at styremøte med førebuing til årsmøtet vert i månadskifte april/mai. Fint om vi får tilbakemelding i god tid før det.

Mvh

Einar Lutro, styreleiar

Fra: beate.bergsholm@hfk.no [mailto:beate.bergsholm@hfk.no]

Sendt: 22. februar 2016 11:37

Til: hardangerbrua@lofthus.no

Kopi: Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no; Ingeborg.Borgen.Takle@hfk.no

Emne: Hardangerbrua AS - vedtektsendring tal på styremedlem

Hei,

Vi syner til kommunikasjon knytt til generalforsamlinga i 2015 om endring av vedtekter i Hardangerbrua AS.

Vedtaket i fylkestinget i Hordaland fylkeskommune i mars 2015 seier at talet på styremedlemer i selskapet skal reduserast til 3 (tre). Ved forrige generalforsamling (2015) vart det avventa å gjere denne endringa i høve det skulle kome ei endring som medførte regionale bompengeselskap. Regionaliseringa av bompengeselskapa er ikkje komen på plass endå, og vi ber selskapet gjere dei naudsynte endringar for å redusere talet på styremedlem til tre (3). Vi gjer samstundes merksam på at Hordaland fylkeskommune fortsatt skal ha fleirtal i styret, jamfør aksjefordelinga i selskapet.

Her er utdrag frå vedtaket gjort i fylkestinget mars 2015 om saka:

2. Tal representantar i selskapsstyre

I brev frå Statens vegvesen 27.01.2014 vert det meldt om at vegdirektoratet har stilt spørsmål ved om talet styremedlemer i Hardangerbrua AS står i høve til selskapet sine oppgåver.

Styret i Hardangerbrua AS har 7 medlemer. For selskap der fylkeskommunen har alle eller majoriteten av aksjane er hovudregelen fem medlemer. Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS og Osterøy Bruselskap AS hadde også 7 medlemer i styret. Desse selskapa er no avvikla/under avvikling.

Styrehonorara for Hardangerbrua AS er lågare enn snittet i Hordaland. Ein reduksjon frå 7 til 5 styremedlemer – der fylkeskommunen utnemner 3 – vil gje minimale innsparingar. Vinsten ligg heller i verdien av tida som vert frigjort for dei som sluttar i styret. Det er også mogleg å erstatta styret med eit «profesjonelt styre», endra aksjefordelinga eller venta med å gjera noko i påvente av nærmare avklaringar om etablering av eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.

Vurdering

Arbeidsutvalet vurderer det slik at det ikkje er behov for å setja i gang endringar no, under føresetnad

av at eit regionalt bompengeselskap vert etablert innan rimeleg tid. Skulle eit felles bompengeselskap ikkje vera etablert innan ny valperiode tek til hausten 2015, vert det vald eit styre med 3 medlemer for Hardangerbrua AS.

På generelt grunnlag vil arbeidsutvalet rå til at fylkeskommunale selskap og selskap der fylkeskommunen har aksjemajoriteten, som den store hovudregelen skal ha 5 styremedlemer. Dersom det skulle liggja føre særlege høve som gjer at det er behov for eit større styre, kan det vurderast konkret i det aktuelle tilfellet. For enkelte område kan det vera føremålstenleg å ha eit mindre styre med 3 medlemer. Dette bør vurderast på grunnlag av selskapet sine oppgåver.

Vi ber om ei attendemelding på at vedtektsendringa blir gjort. Nye styremedlem frå Hordaland fylkeskommune veljast innan kort tid innafor dei ramene som reduksjonen i talet på styremedlem gjer.

Spørsmål om saka kan rettast underteikna.

Venleg helsing

Beate Bergsholm
spesialrådgjevar
Næringsseksjonen
Hordaland fylkeskommune

mobil 455 19 349